

Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014 – 2017



*Vinje
kommune*

Vedteken i OVU 17.09.2014, sak 14/30,
og i KS møte 02.10.2014, sak 14/64
Rullera i OVU 05.12.16, sak 28/16
og i KS 15.12.16, sak 111/16

Forord

Me har alle ulike prosjekt med å vere fysisk aktive, anten det er utandørs eller innandørs.

Utgangspunktet frå me er små er likevel likt. Det er påverknadane undervegs som gjer dei store forskjellar. Føresetnadane kan vere ulike utifrå fysisk nivå, men effekten er lik. Den gode kjensla av å ha «utført noko». Sprunge på Vehuskjeringa, svetta seg gjennom ei spinningøkt i Raulandshallen eller rusla bort på Vinje stadion for å sjå ein kamp. Aktiviteten må tilpassast din fysiske form og alder. Du må sette dine egne krav, og meistrar du dei opplever du sannsynlegvis god helse. Peter F Hjort definerar helse som «evnen til å meistre dei daglege krav». Kroppens krav er dagleg mosjon! Anten du er 3 år, 20 år eller 80 år, har din kropp eit dagleg krav på mosjon.

Så difor bør alle finne sin aktivitet og bruke dei unike moglegheitene Vinje har og ikkje minst vere flinke til å la barn og unge få oppleve god helse gjennom å vere dagleg fysisk aktive!

Samandrag

«Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014 – 2017» avløyser «Idrotts- og friluftsplàn 2010-2014». Den nye planen er tillagt eit større folkehelseperspektiv og legg meir vekt på eigenverdi og nytteverdi, knytt til det å vere generelt fysisk aktiv. Hovudmålet er å på best mogleg måte *legge til rette for og stimulere* til fysisk aktivitet for innbyggjarane. Planen tek omsyn til idrett, friluftsliv og uorganisera aktivitet for alle aldersgrupper.

Spelemidlar er ei viktig finansieringskjelde i høve idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Planen gjer greie for spelemiddelordninga. Vinje kommune er lokal handsamar av søknadane og det er ein føresetnad at søknadar er innrullera i planen for at kommunen skal kunne fordele spelemidlar.

Vinje kommune har gode moglegheiter på anleggssida for å utøve idrett. Føresetnadane for å utøve friluftsliv, jakt og fiske er òg gode i Vinje. Det er likevel mangel på eit samlande organ for friluftslivet. På idrettssida har ein idrettsrådet som fungerer som ei samanslutning av organiserte idrettslag/klubbar. Idrettsrådet er idrettens fellesorgan i Vinje, det er idrettsrådet som fungerer som bindeleddet mellom kommune og idretten. Det er kultureininga som held sekretær for idrettsrådet.

Planen tilrår å satse på rehabilitering av eksisterande anlegg framføre nybygging. All bygging av idrettsanlegg eller nærmiljøanlegg i Vinje, som søker kommunal og eller statleg støtte gjennom spelemidlar, skal vere lagt fram i idrettsrådet for uttale.

Det er i planen peika på identiteten knytt til friluftsliv, dertil utfordringar og motiv for å utøve friluftsliv.

Innhald

<u>Forord</u>	2
<u>Samandrag</u>	3
<u>Innleiing</u>	6
<u>Bakgrunn for planarbeidet</u>	6
<u>Planprosess</u>	6
<u>Kopling til andre planar</u>	7
<u>Spelemidlar</u>	8
<u>Dagens situasjon og utviklingstrekk i Vinje</u>	8
<u>Fysisk aktivitet blant barn og unge</u>	8
<u>Fysisk aktivitet blant vaksne og eldre</u>	10
<u>Sosiale forskjellar</u>	10
<u>Frisklivssentral</u>	10
<u>Organisera idrett</u>	11
<u>Eldre og funksjonsnedsette</u>	11
<u>Friluftsliv</u>	11
<u>Miljø</u>	11
<u>Identitet</u>	11
<u>Folkehelse</u>	12
<u>Motiv</u>	12
<u>Lokale utfordringar</u>	13
<u>Vinje sin idretts- og friluftspolitikk</u>	14
<u>Behov</u>	14
<u>Finansiering</u>	14
<u>Idrettsstipend</u>	14
<u>Idrettsrådet</u>	15
<u>Utmark</u>	15
<u>Motorcross</u>	15
<u>Styggedal</u>	15
<u>Haukeli</u>	16
<u>Snoscooterbanar</u>	16
<u>Torvetjønn</u>	16
<u>Resultatvurdering førre plan</u>	16

<u>Vurdering av aktivitet og framtidig behov</u>	18
<u>Hovudmålsetjing</u>	18
<u>Anleggsbehov</u>	18
<u>Sterke idretts-/ aktivitetsmiljø</u>	18
<u>Folkehelse</u>	18
<u>Turvegar</u>	19
<u>Innspel Elevråd</u>	19
<u>Øyfell</u>	19
<u>Edland</u>	19
<u>Åmot</u>	19
<u>Ressursar</u>	20
<u>Idrettens rammer</u>	20
<u>Prioritera oppgåver planperiode 2014 – 2017</u>	21
<u>Status prioritera oppgåver planperiode 2014 - 2017</u>	22
<u>Handlingsprogram for anlegg og planlagt gjennomføring</u>	23
<u>Prioritera liste ordinære anlegg – periode 2015</u>	24
<u>Prioritera liste nærmiljøanlegg – periode 2015</u>	Feil! Bokmerke er ikke definert.
<u>Uprioritera anlegg/langsiktig handlingsplan</u>	Feil! Bokmerke er ikke definert.
<u>Kartutsnitt idrettsanlegg</u>	27 - 49

Innleiing

Bakgrunn for planarbeidet

Anlegg det skal søkjast spelemidlar til, må vere forankra i ein kommunal plan. Det er ingen strenge krav til utforming, og kommunen står relativt fritt til å velje form og organisering. Sentralt er at anlegg og andre tiltak skal vere innarbeidd i ein strukturert plan for området. Planen er utarbeidd i samsvar med Kulturdepartementet sin rettleiar.

Departementet sitt føremål med planen er:

- Sterkare kommunal styring av anleggsutbygging
- Tydelegare prioritering i kommunen
- Utvikling av anlegg sett i større og heilskapleg perspektiv

Planen vil avløyse idretts- og friluftspan 2010-2014. Den hadde basis att i førre planperiode. Både form og innhald i denne planen er difor modernisera og tilpassa dagens krav.

Planprosess

Kommunestyret vedtok 12.12.2013 at idretts- og friluftspan 2010- 2014 skulle gjelde fram til ny plan er vedteken. Avdeling for kultur har ansvaret for å skrive planen. Det har vore ei arbeidsgruppe beståande av:

- Styret i Vinje idrettsråd:
 - o Ingar Bjørnø
 - o Bjørn Kleiv
 - o Gyri Midtveit
 - o Britt Marie Staaland
 - o Kjetil Nordstoga (vara)
- Politisk representant (OVU): Børge Skårdal
- Representant Vinje turlag: Tonje Orum
- Kulturtilsett: Rune Aarhus (vikar fram til 09.06.2014)

2013/2014	Mars	April	Mai - September
Møter med TFK gamle planen gjennomgjenge med IR ¹ . Handlingsplan revidert, vedtak om 2010-2014 skal gjelde til ny trår i kraft. <i>Varsel om oppstart av planarbeid lyst januar-mars.</i>	Årsmøte IR og nytt styre vald. Arbeidsgruppe nedsett. Infoskriv og tidlegare plan utdelt til arbeidsgruppe.	Møte veke 14 Forslag til ny plan utarbeida.	Møte veke 19 Nytt forslag gjennom gjenge og evt forslag til endringar. Behandling: OVU 28. mai <i>Høyring – lagt ut for høyring 3.juli 2014</i> Kommunestyre 11.september

Kopling til andre planar

Basis for planarbeidet er knytt til kommuneplanen 2007- 2019 sine verdigrunnlag. Innsatsområda i kommuneplanen er òg tatt omsyn til ved utarbeidinga av ny idretts- og friluftspan. I kommuneplanen står det at Vinje både skal vere eit livskraftig og moderne samfunn tufta på kultur, tradisjonar og utvikling av eigne ressursar. *"Ta vare på natur og miljø for seinare generasjonar"* (s.2).

Kommunedelplan for trafikksikring 2008 – 2015 er eit viktig dokument som bør takas omsyn til ved tilrettelegging for nye anlegg. Visjon og motto: *"...alle innbyggjarar i Vinje skal oppleve at dei ferdast trygt i trafikken, og at trafikken ikkje opplevast som ein terskel i høve til eigen (vaksne) eller bornas ferdsel og opphald ute i det fri"* (s. 6).

Kommunedelplan for kultur 2012 – 2021 seier noko om korleis ein ynskjer å støtte friviljuge lag og organisasjonar, derunder idrettslag. Planen er relativt omfattande og rører ved mangt av det friviljuge arbeid.

Vinje kommune utarbeider ein «*Sti- og løypeplan*». Den er planlagd å tre i kraft i løpet av 2014 og skal gje ein heilskapleg oversikt over stiar og løyper i kommunen, samt seie noko om arealbruk. Sti- og løypeplan vil òg syne til denne plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i høve etablering av nye stiar og løyper i kommunen.

På fylkesnivå er det *strategiplan for idrett og friluftsliv 2010-2014* som framleis er gjeldande. Visjonen frå Telemark fylkeskommune i denne planen er «saman om tilrettelegging for auka kvardagsaktivitet». Dette samsvarer med folkehelseperspektivet og hovudmålsetting den nye kommunedelplanen til Vinje.

Statlege føringar er knytt til st.meld. 26 *Den norske idrettsmodellen*, st.meld. 34 *Folkehehlsemeldingen* og *Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv 2014 – 2020*.

¹ IR - idrettsrådet

Spelemidler

Under fylgjer definisjonar av anlegg som departementet opererer med i høve spelemiddelfordelinga. Informasjon, fristar og lenker skal vere tilgjengeleg på kommunen sine nettsider.

Nærmiljøanlegg er anlegg eller område som legg til rette for *eigenorganisert fysisk aktivitet*.

Nærmiljøanlegg vert gjerne knytt til bustad/opphaldsområde nær sentrum, skule/ oppvekstsenter. Med nærmiljøanlegg meinast berre utandørs anlegg. Dei skal vere fritt allment tilgjengelege og laga for eigenorganisert fysisk aktivitet, fyrst og fremst for born og unge, men òg lokalbefolkninga elles. Det er eit krav om at nærmiljøanlegga skal vere tilgjengelege for funksjonshemma. Døme på nærmiljøanlegg er: ballbingar, skate – ramper, sandaktivitetsbanar osb.

Med *ordinære anlegg* meiner ein anlegg for *organisert idrett og fysisk aktivitet*. Døme på slike anlegg er fotballbane, idrettshall, skytebane osb.

Anlegg for friluftsliv i fjellet er ei ordning som rettar seg mot organisasjonar som byggjer overnattings-sikringshytte eller løypetiltak i fjellet. Det er DNT som handterer søknadane og i praksis rører ikkje kommunen ved søknadar som fell inn under denne ordninga.

Dagens situasjon og utviklingstrekk i Vinje

Det ligg ikkje føre systematiske undersøkingar knytt til idrett og friluftslivet si utvikling i Vinje. Likevel kan ein spegle seg med samfunnets utvikling generelt som omtala i st. melding 39 for friluftsliv (2000-2001) og st. melding 26 for idretten ((2011-2012). Nasjonale strategiplanar knytt til feltet vil òg gje indikasjonar på kva perspektiv som ligg føre for utviklinga. Folkehelsemeldinga (st. melding 34, 2012 – 2013) gjev gode bilete knytt til aktivitetsutvikling i alle aldersgrupper.

Det mest sentrale og gjennomgåande punktet er knytt til skilnader i befolkninga på bakgrunn av utdanning og inntekt. Både når det gjeld forventa levealder og oppleving av god helse, deltaking i frivillige idrettslag og deltaking i friluftsliv. Høg inntekt, høg utdanning og fulltidstilsetjing gjer det det meir truleg at ein er aktiv, opplever betre helse og lever lengre.

Fysisk aktivitet blant barn og unge

Blant ungdom er det nasjonalt eit jamt fall for deltaking i organisert idrett frå 12-13 års alder. Årsakene er komplekse og knytt til faktorar både i og utanfor idretten; utvikling, interesser og livsløp. Noregs idrettsforbund er svært bevisst utviklinga og legg difor anbefalingar til utdeling av LAM – midlar² særskilt opp mot målgruppa barn og unge (6-19 år).

Vinje idrettsråd har òg drøfta utviklinga i styremøter. Det har vore teke opp tema som fall i deltaking blant ungdom i ulike aktivitetar – både organisert og uorganisert. Bla har Vinje idrettslag meldt om svært låg deltaking til fotball i ungdomsskulealder. Statistikk kan bekrefte dette. Tal syner at i perioden 2003 – 2013 har det vore ein nedgang av registrera ungdom på fotballgruppene i Vinje (Dyre Vaa, Rein og Vinje) på om lag 30 %. Dette utgjer i underkant av 100 ungdom i alderen 6-19 år (gutar og jenter) fordelt over Vinje³.

² LAM – lokale aktivitetsmidlar. Tilskotsordning til lag og foreiningar frå kulturdepartement. Fordela gjennom idrettsrådet til sine medlemmar etter forskrifter frå KUD og anbefalingar frå NIF.

³ Tal frå idrettsregistreringa (www.idrett.speaker.no)

Vinje har ei særstilling i høve mange andre kommunar knytt til skiløyper, skisenter og klimatiske tilhøve som gjev vinteridretten lang sesong. Mange av løypene og skisenter er likevel underlagt kommersielle interesser. Prioritering av løypekøyring og lokasjon speglar dette og tilseier at mange av desse anlegga har som hovudføremål å dekkje behovet til turistar framføre innbyggjarar. Dette kan sjåast som ein utviklingstrend ein bør merke seg i høve *prioritering av spelemidlar og kommunale midlar*. Spelemidlar har klare nedfelte føremål og retningslinjer. Kommunale midlar bør òg prioriterast tydeleg når det gjeld idrettsanlegg, er det til dømes til beste for næringa eller for det lokale idrettslag? Det er viktig at det vert gjort tydelege og klare avgrensingar her mellom det friviljuge, det offentlege og dei kommersielle.

Når det gjeld bruken av skitrekk i høve ungdom, har det og vore ein klar nedgang. Det eksisterer ikkje kvantitative data knytt til dette. Trenden er uttalt gjennom drøfting i idrettsråd og etter samtaler med foreldre og skule. Det er høvesvis svært få elevar på ungdomsskulen som har sesongkort ved skisentra, i forhold til 10- 15 år tilbake i tid, blir det uttala. Pris på sesongkort er oppgjeve som ein viktig faktor. Her er det verdt å merke seg at det er store skilnader i kommunen mellom skisenter og idrettslag (som ofte lagar rabattavtalene). Dermed vil sosiale ulikheiter bli forsterka også på dette området, i trend med nasjonale tal på utviklinga.



To små klatrespirer

Fysisk aktivitet blant voksne og eldre

Sosiale forskjellar

Den gjennomsnittlege vekten i befolkninga gjeng opp, undersøkingar tyder på at fedme er eit større problem i distrikta enn i byane⁴. Dette skuldast i stor grad uendra kaloriinntak, men redusert dagleg fysisk aktivitet. I Vinje kan ein anta at avstandar gjer at ein stadig nyttar bil framføre å gange og sykle. Sidan kollektivtilbodet i stor grad er mangelfull, eller ikkje – eksisterande, i det praktiske liv, blir dette også naturleg vald bort. Dei som er aktive er derimot mykje aktive, gjerne meir aktive enn før. "*Me trenar oftare, me trenar hardare og me trenar meir*" (s.11)⁵. Dermed vert òg dei sosiale skilnadene forsterka.

Frisklivssentral

Vinje kommune har tilbod gjennom «*Frisklivssentralen*» om å tilby fysisk aktivitet til risikogrupper, røykeslutt - kurs og kosthaldskurs. Vinje har òg eit friskverntilbod til befolkninga generelt (lågterskelgrupper for fysisk aktivitet), denne har eksistert sidan 1984 i Vinje. Det er fleire ulike gruppetreningar i Edland, Rauland og Åmot med snitt på rundt 10 deltakarar kvar gong. Mange av treningane er på dagtid. I tillegg har *Friskis* og *Svettis* treningar i Rauland, samt at grendelaget i Øyfjell tilbyr ulike treningar (nokre av dei i samarbeid med friskvern). Alle desse tilboda kan nyttas av alle innbyggjarar⁶.

Frå hausten 2014 blir det eit tettare samarbeid med frivillige lag og organisasjonar om kveldstimane!

⁴ St. Melding 34 - "Folkehelsemeldinga" (2012 – 2013).

⁵ St. Melding 26 - "Den norske idrettsmodellen" (2011 – 2012).

⁶ Informasjon og tal henta frå folkehelsekoordinator – løpenummer: 6913/2014 i ephorte

Organisera idrett

Tal frå idrettsregistreringa tyder at i 2013 var det registrert 176 aktive menn frå 20 år og 130 aktive kvinner frå 20 år innanfor dei ulike organiserte idrettane i Vinje. Til samanlikning var tala i 2003 på 268 for menn og 187 for kvinner. Altså ein klar nedgang i talet vaksne utøvarar innanfor den organiserte idretten. Forklaringa kan ligge på fleire område, men generelt er fleire inaktive. I tillegg kan òg ein del vaksne ha "gjenge over til" treningar som spinning, kettlebells, step osv., der utøvar ikkje vert rekna inn som aktiv utøvar under eit idrettslag.

Eldre og funksjonsnedsette

Menneske med nedsette evner til å drive idrett eller friluftsliv er òg ei målgruppe, det er kommunen si plikt, og i tråd med politiske føringar, å legge til rette for ALLE. Rådet for eldre og funksjonshemma arbeider i 2014 med to prosjekt knytt til fysisk aktivitet som dei ynskjer å gjere framlegg om. Turveggar i sentrumsnære strøk etter prinsippet om universell utforming, samt gang- og sykkelveggar i sentrumsnære strøk og grender med markerte behov.

Rådet ved leiår peikar elles på at det er to pensjonistlag i kommunen og ei lokal gruppe av HLF. Ingen av foreiningane har fysisk aktivitet som del av sitt prioriterte foreiningsarbeid. Av konkrete tilbod er det ulike aktivitetar i regi friskvern, idrettslag eller private treningssenter i kommunen.

Friluftsliv

Friluftslivet er ein herrelaus hund, som alle likar, men ingen vil ta ansvar for. Dette er ei av skildringane av friluftslivets posisjon i Noreg av førsteamanuensis i friluftsliv Bjørn Tordsson. Det finnast altså ingen klar representant for friluftslivet, og det manglar eit organ i Vinje/ Vest-Telemark for å synleggjera og arbeide for friluftslivet, samt ta vare på dei interesser i ulike saker.

Miljø

Friluftsliv har eit underliggende perspektiv om å bli glad i natur gjennom å bruke naturen aktivt utifrå definisjonen av friluftsliv. Dette perspektivet byggjer på tanken om at ein tek vare på det ein er glad i, altså er det eit miljøperspektiv. Å la born og unge ta del i det enkle friluftslivet vil difor vere viktig for å kunne skape gode relasjonar til natur også i vaksen alder. Difor skal det leggjast til rette for enkelt friluftsliv for barn og unge. For unge vaksne vil det vera viktig å leggje til rette for friluftslivets varierende trendar og avartar. Til dømes kan dette vera klatring, topptur, kiting osv. Dette arbeidet fell til dels mellom to stolar i dag sidan ingen har eit klart definert ansvar for friluftsliv.

Identitet

I Vinje er friluftslivet og naturen, samt bruken av den, ein viktig del av vår identitet. Det har tradisjonelt vore viktig å skape gode haldningar knytt til natur frå tidlege år for å oppretthalde naturgleda seinare i livet. Mykje av tradisjonen er knytt til jakt, fiske og hausting. Nokre foreldre/ besteforeldre er flinke til å fylgje opp, medan andre ikkje maktar å gje kunnskap og glede over å vere i natur, vidare til neste generasjon. Samstundes tek også Vinje mot flyktningar frå land som kan ha behov for å bli introdusert for friluftslivet. Dimed vert det oppgåver for det offentlege. Kommunen har her ei klar og lovpålagt oppgåve knytt til folkehelse. Med samhandlingsreforma kjem mykje av desse oppgåvene tilbake til frivillige foreiningar og lag, dimed må kommunen sørgje for gode rammer til dei lag og foreiningar som bidreg i så måte.

I desember 2010 vart Vinje turlag skipa, som ei lokal undergruppe tilknytt Telemark Turistforening og DNT. Dei har òg eit barnas turlag som skipar til aktivitetar og turar for barn og unge. Det er ei viktig oppgåve for frivillige organisasjonar og skulane å ta vare på gleda ved å vere i natur.

Friluftsliv har lite kostnader knytt til seg dersom ein kan fremje og leggje til rette for det enkle friluftslivet. Tiltak som ofte vert nytta er sommarleir for ungdom, utflukter i skuleregi, leirskule osv. I Vinje har utviklinga vore at sommarleir for ungdom i kommunal regi har vorte lagt ned som tilbod. Skulane i Vinje er flinke til å leggje inn dagar og utflukter knytt til friluftsliv, og det er sjølvsagt ein god arena for å motverke sosiale forskjellar. Kommunen må likevel spørje seg om skulane klarar denne oppgåva åleine.

Folkehelse

Det forholdet folk flest har til friluftsliv er knytt til det daglege, uorganiserte og enkle friluftsliv. Dette er det enkelt å leggje til rette for. Det kan i stor grad knytast opp mot folkehelse. Dagleg fysisk aktivitet er ein viktig premiss for god folkehelse i Noreg. Enkel tilgang til friluftsområde nær busetting, skule, barnehage, eldresenter og tettstadar er den viktigaste føresetnaden. Utviklinga er eit fokus særskilt på turveg. Både for å mottaka statlege og fylkeskommunale midlar, er stiar eit tiltak som er verdsett. Universell tilrettelegging og nærområde er i så måte viktige stikkord i arbeidet (samsvarer òg med ynskja til rådet for eldre og funksjonshemma i Vinje). Fylkesmannen i Telemark gjorde i 2012/2013 ei kartlegging av sentrumsnære turveg i Telemark. Kriteriet var å finne ein universell tilrettelagt turveg i kvar kommune. Turvegen i Vinje som vart plukka ut var gang/sykkelvegen i Edland. Vinje har i så måte store potensial til utvikling og ei utfordring i å synleggjere det som er.

Motiv

For vaksne er det mange ulike element som trekkjer befolkninga ut i natur. Kultur- og miljøbarometeret 2012 trekk fram turgåing og frisk luft som dei viktigaste faktorar. Naturen generelt, roen og stilla, samt fiske, vert òg nemnt som viktige element ved friluftsliv og aktivitet i natur⁷. Dette er stort sett dei same element som er trekt fram ved tidlegare undersøkingar. Sjølv om medieoppslag seinare år gjerne gjev inntrykk av at friluftsliv er nært kopla til adrenalinfylte aktivitetar som frikøyring på ski, klatring, elvepadling osv., er altså ikkje dette representativt for befolkninga generelt.

⁷ Natur- og miljøbarometeret – "Nordmenns holdninger og atferd i natur- og miljøvernsspørsmål". TNS Gallup (2012)



"Det er ei kjennsgjerning at friluftslivet er større enn deira organisasjonar" (Tordsson, 2010).

Lokale utfordringar

Ei utvikling i Vinje er bruk av snøscooter i naturen. Dette kjem ikkje inn under definisjonar og føremål med friluftsliv, men har sjølvstendig klar innverknad i høve fritidsaktivitetar. Ei utvikling der stadig fleire foreldre kjøper snøscooter til barn og unge vil sjølvstendig overføre haldningar å gje barn og unge preferansar for kva som er friluftsliv og ikkje. Mange fjellbygder kan her ha ei utfordring framover, ved at born og unges preferansar til natur vert endra og moglegvis distansert. I andre delar av landet, der snøscooter ikkje er eit tema, vil derimot preferansen vere motsett. Ein ser høglydde debattar med argumentering om by/ land konflikt og totalt ulike ståstadar. Dette bør også Vinje kommune ta ei klar stilling til. Det handlar på den måten i stor grad om defineringa av friluftsliv, vaner og overføring av verdiar som skal samsvare eller ikkje med resten av landet. I tråd med verdigrunnlaget til kommuneplan skal tradisjonar vidareførast – kva vil ein så at desse tradisjonane skal vere?

Vinje sin idretts- og friluftspolitikk

Situasjonen og utviklinga som er skildra har til dels endra nokre av premissene for den statlege idrettspolitikken. Å inkludere og utjamne sosiale forskjellar og folkehelse er viktige aspekt. Dette gje utslag lokalt i kommunane.

Det eksisterer ein del samfunnsøkonomiske tal knytt til ulike idrettar og aktivitetar. Felles er gevinsten ved auka levealder, betra evne til å stande i jobb, mindre bruk av helsevesenet osv. Minuset er kostnader knytt til anlegg, redningsaksjonar mm. Her er det ofte peika på ei skeivfordeling mellom utdelte offentlege midlar, aktivitetsbruket og helsenytt i lokalsamfunnet sett frå eit folkehelseperspektiv. Fotball er den aktiviteten som kjem desidert dårlegast ut i slike samfunnsøkonomiske modellar⁸. Det heng saman med det faktum at (særiddrettens) krav til anlegg er særdeles kostnadskrevjande å oppfylle. Tilslutninga er stor blant barn og unge, men fråfallet er også enormt stort.

Behov

Vinje kommune har i enkelte tilfelle tatt for lite omsyn til framtidige behov av idrettsanlegg. Mange av dei eksisterande anlegg i kommunen er bygd etter standard frå særiddrettar som ikkje naudsynt famnar born og unges behov, dette har sjølvstøtt grobott i krav frå KUD i høve spelemidlar. Mange av anlegga står no meir eller mindre tomme og har eit etterslep i høve vedlikehald.

Finansiering

Vinje kommune delar årleg ut pengestøtte frå kulturmidlar til idrettslag. Dei tre store fleiridrettslag tek imot 50.000,- kvar i driftsstønad. I tillegg får dei fordelt 200.000,- etter aktivitet blant barn og unge. Frå 2014 vil inntil 50.000,- av desse midlane verte sette av til arrangement/ tiltak i regi idrettslag som søker idrettsrådet om dette. Fordelingsøkkelen på resterande 150.000,- vert behandla i idrettsrådet og fylgjer i stor grad retningslinjene frå NIF i høve LAM midlar.

Ved utbygging av større anlegg har i stor grad finansiering skjedd ved 1/3 del statlege spelemidlar, 1/3 del kommunale midlar og 1/3 del dugnad/eigne midlar frå anleggsutbyggjar. Ein del av dei større anlegga seinare år har og kommunen stått som eigar og utbyggjar på.

Andre friviljuge lag og organisasjonar nyttar kulturårshjulet i høve støtteordningar. Det vert ikkje gjeve driftsstønad gjennom denne ordninga. Kulturårshjulet er ei arrangementsbasera stønadsordning der lag må syne til aktivitet.

Vinje kommune har òg gjeve løyvingar over budsjett til idrettsanlegg på tross av at anlegg ikkje er innlemma i noko plan eller drøfta i idrettsrådet. Dette syner at Vinje må få betre styring for retning og kontroll ved utbygging av idrettsanlegg. Det syner òg at Vinje sin idretts- og friluftspolitikk kan vera styrt etter lokale initiativ i like stor grad som gjennom langsiktig og heilskapleg planlegging. Samstundes er det viktig at ein ikkje "drep" lokale initiativ og drivkrefter som skapar gode tiltak. Derimot bør det inn i planarbeid og utgreiast kva behov som er og vil koma.

Idrettsstipend

Vinje kommune har eit idrettsstipend for ungdom. Det er gitte kriterier som må oppfyllest for å mottaka stipendet. Idrettsstipendet er på kr 25.000,- og skal stimulere til vidare toppidrett. Det er idrettsrådet som kjem med innstilling til kandidat, etter søkerliste, og OVU som vedtek kven som skal mottaka stipendet. Stipendordninga er i tråd med eit av hovudmåla til TFK om å betre talentutviklinga.

⁸ Hompland, A: "Idrettens dilemmaer", Akilles 2007

Idrettsrådet

Vinje kommune held sekretær for idrettsrådet gjennom tilsett i Eining for kultur. Dette er verdsett av idrettsrådet, og gjev betre kommunikasjon med kommune og ein betre kontinuitet på møta til rådet.

Vinje idrettsråd skal uttale seg om alle søknadar til kommunale midlar og/ eller spelemidlar tilknytt idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Vinje idrettsråd skal ha ei viktig rolle ved rullering av plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Ved årleg rullering av handlingsprogram, skal Vinje IR kome med uttale til handlingsprogram og prioritering i høve spelemiddelsøknadar.

Utmark

Vinje kommune er ein kommune med store utmarksareal og med store areal knytt til Hardangervidda. Samstundes er det store næringsinteresser knytt til turisme og hytteutbygging. Viktige tiltak i høve friluftsliv vil vera å unngå og gje for mange dispensasjonar til nedbygging av utmarksareal. Dette vil òg vera i tråd med verdiane til kommuneplanen. Plan- og bygningslova har klare reglar. Riksrevisjonen⁹ har synt på store problem ved å handheve reglar og forskrifter i mindre kommunar. Det er peika på at det er særskilt sårbart i randsonene til fjellområda. Dette handlar om berekraftig utvikling og å ta vare på naturressursar og moglegheiter for å utøve ulike friluftslivsaktivitetar, jakt, fiske og bærplukking for framtidige generasjonar.

Vinje kommune har i tillegg lagt til rette for bruk av natur gjennom bla jakt og fiske på eigen fjelleigedom under Berunuten Vest. Dette er eit unikt tilbod med hytter til rimeleg utleige for innbyggjarar.

Motorcross

Gjennom fleire år har det vore spørsmål om å få lagt til rette for ein motorcrossbane i kommunen. I løpet av dei to seiste åra har det dukka opp fleire prosjekt!

Banane må som kjend ligge i områder der støy ikkje vert til hinder for naboar, samstundes som det er framkomeleg med bil til banen. Det er også ein del krav til drivarane, som går på lisens, diverse kurs osv.

Eit anna tilbod til motorsportinteressera i Vinje, er den nye Motorskulen! Dette er eit heilt nytt tilbod, lagt til Kulturskulen, som er meint å gje ungdom eit breiare utval av aktivitetar på fritida. Det er tilsett ein instruktør/lærer i 20% stilling, med moglegheit for utviding. Er løyvd midlar til oppstart, og kommunen har eige hus til dette.

Styggedal

Dette er ein bane som ligg like utanfor Høydalsmo, med Tokke som vertskommune.

Banen blei eigentleg bygd for mange år tilbake, men prosjektet stoppa opp då det kom nye føresegner, noko som ville fordyre banen ytterlegare. Arbeidet blei tatt opp att eit par år tilbake, av ei prosjektgruppe, med mål om å få til ein interkommunal arena for motorsportinteressera i alle aldrar i Vest – Telemark!

Banen ligg støyskjerma til, og nærmar seg treningsklar. Dersom kommunane skal yte årleg stønad, og at det skal stå fram som eit interkommunalt anlegg på papiret, må avtaler på plass mellom dei involvera kommunane. Det har vore lagt ned mange dugnadstimar i arbeidet med banen.

⁹ "Riksrevisjonens undersøkelse av berekraftig arealplanlegging og arealdisponering i Noreg" 2007

Haukeli

Haukeli Motorklubb arbeider med denne banen. Det er varsla oppstart. Banen er meint for ATV om sumaren og snoscooter vinterstid. Det er også satt av plass til minicross/miniscooter, samt eit publikumsområde og bygningar knytt til dette. Denne banen blir òg gjort på dugnad, og det er løyvd kommunale midlar.

Snoscooterbanar

Torvetjønn

Om banen blir ein realitet, er den tenkt som ein rein snoscooterbane, i sløyfe, med ein køyreretning. Tanken er at ein kan nytte eigen eller leigd scooter. Det er varsla oppstart av regulering. Kommersiell drift.

Resultatvurdering førre plan

Førre planperiode var 2010 – 2014. Nokre hovudpunkt:

- Prioritering av rehabilitering framføre nybygg:
Dette er til dels utført gjennom opprustingar på Vinjehuset og av fotballbanane i kommunen. Det er bygd nokre nye nærmiljøanlegg tilknytt skuleområde, dette var tydeleg behovsprøva i tråd med føresegnene i planen. Det er bygd ny skytebane i Bøgrend (Kvasshaug) pga eit pålegg om å fjerne den gamle, eit nytt anlegg av denne typen er naudsynt ikkje i tråd med førre planperiodes føresegner om behovsprøving og prioritering av anlegg for barn og unge. Det vart likevel funne naudsynt å byggje denne banen som erstatning for den gamle i Åmot (Brubakk).
- Satsingsgruppa var barn og unge i alderen 6 – 19 år. Dette er utført i form av bygging av nærmiljøanlegg tilknytt skular. Fordeling av LAM og kommunale midlar på bakgrunn av aktivitet i den aldersgruppa.
- Eit av punkta i førre planperiode er at det vert peika på auka fysisk inaktivitet blant born og unge. Som ledd i å førebyggje er det viktig å leggje til rette for aktivitet i kvardagen. Dette er òg i tråd med strategiplan frå fylket. *"...nærmiljøanlegg primært skal leggas til skular og barnehagar, framfor hytteområder, grender osv."* Det er utført fleire nærmiljøanlegg med tilknytning til skule og barnehagar og dette er svært positivt. Gratis skulemat er òg eit særdeles positivt tiltak som indirekte gjev den einskilde betre føresetnadar for å vere fysisk aktiv. Samt andre aktivitetstiltak i regi folkehelse og kultur. Nytt som kan nemnast er ein aktivitetsdag 25.september 2014 for 8. – 10. klassene i Vinje. Dette er tenkt som ein dag der elevane i byrjinga av skuleåret får betre kjennskap til kvarandre over skulegrensene, samt at terskelen for å vera med på andre arrangement i ettertid, blir lågare. Det er tenkt quiz, teambuilding og ballturnering som aktivitetar. Dette opplegget har ein klar folkehelseprofil på lik linje med at ein kan sjå det som generell førebygging.
- Eit av måla til kommunedelplanen var gjennom undersøkingar å sjå på viktigheita av å ha gode tilbod innan fritidsaktivitetar i kommunen. Dette er ikkje utført på lokalt plan, men det

er mykje god statistikk å syne til. Frå sumaren/hausten 2014 er Vinje kommune med i Ungdata¹⁰ samarbeid. Undersøkinga vil vera ferdigstilt våren 2015, og det vil gje gode tal frå 2015 for ungdom.

- Få fleire med både som trenarar og dugnadsarbeidarar: Det er utført eit godt arbeid i dei ulike lag og organisasjonar. Skulane og idrettslag kunne vore flinkare til å spele på Telemark idrettskrets og Telemark Turistforening sine kurs og aktivitetar. Desse er del av folkehelseprogrammet til Telemark Fylkeskommune og er gratis for skulane å nytte seg av.
- Ha ein felles idrettskoordinator i kommunen: Det er ikkje utført eit arbeid tilknytt dette målet. Idrettsrådet påpeika også dette i styremøte august 2013. I tråd med TFK er det og ynskjeleg å sjå på eit tettare interkommunalt samarbeid rundt ei slik stilling.
- Ein skal legge vekt på strengare behovsprøving og brukarundersøkingar: Vinje kommune har store kostnader knytt til anlegg. Ved evt. nybygg bør det vera særdeles viktig å treffe hovudmålgruppene som er barn og unge. Anleggsprosjekta skal òg vurderast av Vinje idrettsråd.
- Dei større anlegga skal vere knytt til kommunesenteret: Ikkje utført. Vinje idrettsråd har i styremøte oktober 2013 gjennom eksempelvis drøfting av skiskytterarena på Rauland synt til at det kan vere viktigare å knytte anlegg til der det allereie eksisterer eit miljø.
- Det skal jobbas for å få kunstgrassbane på Rauland: Utført.
- Kommunen satsar på rehabilitering av eksisterande anlegg: Utført på Vinjehuset med ny idrettsdel.
- Det skal takast omsyn til ytre tilhøve som klima og natur: Dette er ein del av kravet for å få idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning som må vere på plass før ein kan søkje om spelemidlar.
- Sti- og løypenett i kommunen skal sikrast og utviklast: *Vidda Vinn, Vandre- region Telemark* og *Sti- og løypeplan* er under utarbeiding.
- Kommunen satsar på lag og organisasjonar som arbeider aktivt for eit betre oppvekst- og nærmiljø: Prioritering av kommunale idrettsmidlar til drift.
- Ha eit godt samarbeid med idrettsrådet: Fungerer godt, IR har kommunalt tilsett på kulturavdeling som sekretær.

¹⁰ Ungdata er eit kvalitetssikra system for gjennomføring av lokale spørjeskjema – undersøkingar blant elevar på ungdomstrinnet.

Vurdering av aktivitet og framtidig behov

Hovudmålsetjing

Vinje kommune sin hovudmålsetjing for kommunens satsing på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er å på best mogleg måte legge til rette for og stimulere til fysisk aktivitet for innbyggjarane.

Korleis:

- Satse på hovudmålgruppa barn og unge
- Unngå unødige dyre anlegg som ikkje er behovsprøvd
- Lytte til dei friviljuge gjennom til dømes Idrettsrådet
- Stimulere til aktivitet
- Ta omsyn til framtidige generasjonar sine behov for natur

Anleggsbehov

Me ser at Vinje kommune har eit godt og variert aktivitetsnivå til innbyggjarane. Sjølv om Vinje har vore prega av fråflytting dei siste 15-20 åra har igjen trenden dei siste 4 åra vore prega av ein liten framgang i folketal¹¹. Dette kan ikkje seiast å påverke anleggsbehovet i stor grad i kommunen som heilskap. Det me derimot veit er at einskildpersonar betyr mykje for enkelte miljø og aktivitetar, eldsjeler er særdeles viktig for å oppretthalde aktivitet. Difor er det å støtte opp under friviljug arbeid og det å ta omsyn til eldsjelene sine behov særdeles viktig. Skal ein ta omsyn til det på best mogleg måte er kanskje ikkje anleggsutbygging alltid den einaste måten å byggje opp under.

Det er allereie nemnt innleiingsvis, og det var vedteke i planen som *denne* avløyser, at ved bygging av nye anlegg skal dette vera eit tydeleg behov. Det vert då opp til utbyggjar å dokumentere behovet, og dette skal vurderast av Vinje idrettsråd som bør gje ei anbefaling. Det er difor generelt viktigare å prioritere rehabilitering og vedlikehald framfor nybygg. Grunngevinga er at anleggssituasjonen er god i Vinje. Det er tre idrettshallar tilknytt dei tre sentra, alle tre stadane har og eigen symjehall. I tillegg har ein gymsal i Øyfjell.

Sterke idretts-/ aktivitetsmiljø

For å styrke aktivitetsnivået vil det i framtida vere viktig å satse på gode idrettsmiljø innanfor ulike særiddrettar også på tvers av bygder og evt kommunegrenser. Det vert då viktig for idrettslaga å ha tydeleg kommunikasjon og godt samarbeid. På denne måten vil ein få betre tilhøve for drift og styrka miljø for den enkelte aktivitet/ særiddrett. Idrettsrådet er i så måte eit godt samarbeidsorgan.

Folkehelse

Folkehelse er eit stadig viktigare fokusområde. Fysisk aktivitet er ein viktig faktor for god helse. Vinje kommune satsar på frisklivssentral og har målretta tiltak for innbyggjarar med særskilte behov. Å leggje til rette for dagleg fysisk aktivitet er førebyggingsarbeid som kan spare kommunen for store

¹¹ Tal frå Telemarksbarometeret

utgifter. Idrettslaga utfører og eit stort folkehelsarbeid i sitt daglege virke. Dette er ulønt friviljug arbeid. Det same gjeld friviljuge som ryddar og held vedlike turstiar.

Turvegar

Ser ein samla på folkehelseperspektivet, og samfunnsøkonomiske tal knytt til dette, vil det vera nokre nyvinningar som er betre å satse på enn andre. Til dømes sentrumsnære turvegar, i tråd med arbeidet til rådet for eldre- og funksjonshemma. Turgåing er ein aktivitet som vert nytta av menneske i alle aldrar, og tilrettelegging for dette nær bustad er særdeles viktig for den daglege fysiske aktivitet. Opparbeiding og vedlikehald kan til dømes verte gjort gjennom avtale med friviljuge lag. Dette er også tiltak ein kan søkje spelemidlar til. Mange stadar i landet, også i nedre Telemark, har ein interkommunale friluftsråd som kan organisere og ta eit ansvar for til dømes organisering av vedlikehald av slike turvegar. Eit slikt friluftsråd vil kunne gje arbeidet med turvegar i Vest-Telemark eit løft.

Innspel Elevråd

Det vart sendt ut e-post til rektorar på dei ulike skulane der dei vart bedde om å ta opp med elevane gjennom elevråd kva dei etterlengtar og kan sjå som viktige tiltak i sitt nærmiljø. Fylgjande svar vart gjeve frå tre av skulane:

Øyfjell

Gamleveggen til Djuve frå Øyfjell og frå Djuve til Dyrdal vart rydda for mange år sidan, men er no grodd att. I tillegg kjem ei rekkje tiltak og ynskje knytt til uteområdet ved skule og grendehus. Ein del av desse tiltaka, som td kjempesjakk er alt satt i gang og finansiert, dette er eit samarbeid mellom den lokale sjakkklubben og skulen. Det er også her nemnt oppgradering og vedlikehald knytt til volleyballbane og klatreveggen. Det har også kome innspel om å lage til *treningsbane for hundar* på den gamle idrettsplassen på Rorge.

Edland

I tillegg til dette har *Barn og unges kommunestyre* 07.04.14 handsama fylgjande ynskje om oppgraderingar knytt til Edland: Gangebru/ sti mellom byggefelta Heddebru og Slobrekk. Dette er eit innspel som kan knyttast til sentrumsnære turvegar. Oppdatering av styrekrommet på skulen i Edland, ungdommane peikar på gammalt og slitt utstyr som hinder for bruk. Det kom og ynskje om opparbeiding av ein badeplass i bygda med forslag om å leggje det til Sundflaten.

Åmot

Elevrådet trekte fram fire punkt. Ynskje som skateområde i tilknytning til skulen i Åmot. Oppgradering av badeplassen i Ormetjønn, ny sand osv. Sommarleir med aktivitetar som friluftsliv, padling og klatring. Det fjerde punktet gjekk på asfaltera rulleskiløype.

Ressursar

Fysisk aktivitet sorterer under fleire avdelingar i kommunen. Folkehelse gjennom helse, idrett og friviljuge organisasjonar under kultur. I tillegg kjem organisering av idrettshallar under teknisk avdeling.

Kultur er tildela arbeidet med spelemiddelfordeling og oppgåver knytt til det, samt kommunedelplan for feltet idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Tilknytt denne stillinga ligg òg sekretærrolle for idrettsrådet. Dette gjev Kultur ei forankring til idretten og det friviljuge arbeidet, og det gjev tilbake ein kontinuitet for idrettsrådet. I tillegg er det Kultur som har ansvar for utdeling av *idrettsstipend* for ungdom.

I den førre planen for idrett og friluftsliv, som *denne* avløyser, har det vore inne eit mål og eit ynskje frå idrettsrådet om å få oppretta ei idrettskonsulent stilling i kommunen. Dette vil kunne samle oppgåvene knytt til idrett, fysisk aktivitet (og eventuelt friluftsliv) og hjelpe dei ulike idrettslaga med søknadsskriving, organisering og tilrettelegging for å drive friviljug arbeid på best mogleg måte. Det er opp til idrettslaga (gjennom idrettsrådet) å ta initiativ til dette dersom det fortsatt er ynskjeleg.

Idrettens rammer

Av økonomiske ressursar for idrettslaga som er medlemmar av Noregs idrettsforbund, og dermed idrettsrådet, er dette rammene.

- LAM midlar. Fordelt etter fordelingsnøkkel (aktivitet barn og unge). 2013 utgjorde dette totalt 120.104,-
- Kommunale idrettsmidlar til fleiridrettslag. Dei tre fleiridrettslaga IL Rein, Vinje IL og IL Dyre Vaa mottar årleg 50.000,- kvar i driftsstøtte.
- Kommunale midlar til drift av idrettslag , Kr 150.000,- fordelt etter fordelingsnøkkel (aktivitet barn og unge). Vinje idrettsråd skal uttale seg om fordelingsnøkkel. Laga forpliktar å levere årsmelding samt rekneskap for å mottaka midlar.
- Kommunale midlar til drift av idrettslag, 50.000,- avsett til arrangement/ tiltak der det er behov. Idrettsrådet behandlar søknad og kan dele ut midlane (inntil kr 50.000,-) Eigne vilkår, sjå vedlegg. Unyttta midlar skal gå tilbake til fordeling blant idrettslaga etter aktivitet.
- Idrettsrådet mottar årleg stønad frå Telemark Idrettskrets. 2013 utgjorde dette 3.000,-
- Vinje kommune sitt idrettsstipend for ungdom. Prisen er årleg, gjeng til ein person og er på kr 25.000,- Det må søkjast og kriteriene må vere oppfylt.
- Idrettslag som høyrer til kommunen brukar hallane til trening gratis.

- Lag og foreiningar i Vinje nyttar kulturhusa gratis så lenge det ikkje er snakk om inntekt/ inngangspengar.
 - *Det vert foreslege endring i dette f.o.m. 2015 ved at betaling for husleige fell vekk for lag og foreiningar i Vinje kommune.*
- Idrettslag og foreiningar kan ta dugnad som badevakter i symjehallane, dette gjev og ei solid inntekt for eit lag. TD har Vinje IL badevakter for symjehallen i Vinjehuset, dette gjev ei årleg inntekt for Vinje IL på om lag 250.000,-

For friviljuge lag og foreiningar utanom idrettsforbundet, er støtteordningane frå kommunen knytt til kulturårshjulet. Dette kan til dømes gjelde skyttarlag, sjakklubb, jeger- og fiskarforeiningar og turlag. Dette krev ei intensjonsavtale og årvisse tilskipingar. Erfaringsvis er denne ordninga ikkje nytta i høve lag og foreiningar som driv med idrett og friluftsliv, men derimot meir knytt opp mot det ein reknar for tradisjonelle kulturaktivitetar.

Prioritera oppgåver planperiode 2014 – 2017

- Instruktørar i regi frisklivssentral/ idrettslag/ kommersielle eller andre som leiar gruppeaktivitet i kommunen: Utgreie og avklare ansvar og behov knytt til desse. Forskjellar i lønn og organisering – viktig at det vert laga ein heilskapleg plan for dette arbeidet som vert nedfelt i kommunedelfplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. **Punktet skal fylgjast og rullerast inn i planen saman med handlingsprogram før utgangen av 2014. Ansvar: kultur og folkehelse.**
- Organisering av treningsrom/ frisskvern tilbod i kommunen: Øyfjell grendehus er eit nytt hus tilført Vinje kommune med treningsrom. Rauland, Åmot og Rauland har treningsrom. Praksis har vore ulike og det er varierende tilstand på dei ulike romma. Utgreie og avklare ansvar og behov knytt til desse. **Punktet skal fylgjast og rullerast inn i planen saman med handlingsprogram før utgangen av 2014. Ansvar: kultur og folkehelse.**
- Det har lenge ligge inne eit ynskje om oppussing og tilrettelegging av sentrumsnære badeområde i Ormetjønn – Åmot. Det er òg kome bestilling frå OVU om å sjå på dette (des 2013). Barn og unges kommunestyre har også ynskt tilrettelegging av badeområde ved Sundflaten i Edland. Arbeidsgruppa for ny idretts- og friluftsplann ynskjer at dette skal vurderast og utgreiast behov for i Åmot, Edland, Rauland og Øyfjell. **Kultur har ansvar for dette og fremje sak for OVU.**

Status prioritera oppgåver planperiode 2014 – 2017

- **Instruktører i regi frisklivssentral/ idrettslag/ kommersielle eller andre som leiar gruppeaktivitet i kommunen**

Dei kommunalt engasjera frisklivsinstruktørane får kr 400 per klokke for det oppdraget dei gjer, og har fått dette i mange år. Frisklivsinstruktørane er engasjera som oppdragstakarar i kommunen, med avtale per skuleår. Tilboda kommunen, ved *Helse og omsorg* står for, fylgjer skuleruta.

Det er eit ynskje at mest mogleg av dei aktivitetane som har heile befolkninga som målgruppe, blir drive i privat regi. Ein ser samstundes at ulike delar av kommunen har ulike tilbod. Det friviljuge er basera på at det finnst ildsjeler, og det kan vere ein av forklaringane på dette. Som kommune bør ein søkje å behandle dei ulike delane av kommunen likt, utan at det betyr at tilbod kan vere likt alle stader. Det ligg òg klare føringar i styrande dokument på at ein skal styrke samarbeidet med det friviljuge.

Idrettslaga i kommunen får tilskot kvart år. Kvart idrettslag får fast kr 50 000 årleg, frå kulturbudsjettet. I tillegg får dei kr 200 000 som skal fordelast etter aktivitet. Les meir om dette under avsnittet «Idrettens rammer».

Rauland, ved Dyre Vaa, har lange tradisjonar og eit godt treningstilbod gjennom Dyre Vaa og *Friskis og Svettis*. Ein har aldri opplevd at det har vore konflikt i dette, men ser at betaling av instruktørar osb. har vore ulikt.

Øyfjell Grendelag har tatt ansvaret for aktivitet sjølve. Helse og omsorg har bidrege med utstyr, «kettlebell».

Vinje IL: Vinje Helse og omsorg har innleidd samarbeid også med desse. Dei var ikkje i stand til å overta nokon aktivitet som er i kommunal regi hausten 2014, men ein arbeider for å få det til. Ein skal òg hugse på at Helse og omsorg driv *frisklivssentral* som er lokalisera i Vinjehuset i stor grad. (Viser til eige avsnitt om dette)

Friskliv skal vere eit lågterskeltilbod i heile kommunen.

Edland: *Pust og pes* er privat drive treningssenter. Elles aktivitet i idrettslaget sin regi, og noko frå vår side: instruktørar for organisera trening som *step* og *sirkeltrening*.

- **Organisering av treningsrom/ friskverntilbod i kommunen**

Det er eit stort ansvar å ha ansvar for treningsrom. Kostnader er knytt til innkaup og fornying av utstyr, ettersyn av dette, jf. HMS-krav osb. Utstyr som skal nyttast av mange, må òg vere av god kvalitet å tole hard bruk.

Styring med tilgangen til romet er òg viktig med omsyn til å halde romet i stand og å unngå hærverk. Utfordringa er at ein gjerne investerar i treningsrom som ei *eingongsinvestering*, samstundes som ein dreg på seg årlege kostnader utan å ta høgde for desse.

Ein ynskjer at alle treningsrom skal vera best mogleg tilgjengeleg.

Det må avklarast kva for eining som skal ha ansvar for roma, og kva stand dei skal haldast i. Det må aktivt setjast av ein sum per år til service og innkaup.

Av dei roma Helse har ansvaret for no, er treningsromet i Edland dårleg, og treng fornying. Det er elles stor etterspurnad etter utvikling av romet i Åmot.

- **Opprusting og tilrettelegging av sentrumsnære badeområde i kommunen**

Kultur og TDV har lagt inn budsjettynskje i sine budsjett til eit kartleggingsprosjekt av badeplassar, i fyrste omgang. Ein vil då ta for seg heile kommunen. BUK (Born og Unges Kommunestyre) har ynskt tilrettelegging av badeområde ved Sundflaten i Edland. Her vil det koma ein spelemiddelsøknad for friluftsområde/badeplass tilknytt skianlegg/løyper/veg.

Det var òg ei bestilling frå OVU om å sjå på sentrumsnære badeområder, samt at arbeidsgruppa for ny idretts- og friluftspan har ynskje om at dette skal vurderast og utgreiast behov for i Åmot, Øyfell, Rauland og Edland.

Kva badeplassar me har, og i kva forfatning dei er, er ulikt frå stad til stad. Dette vil då vera eit viktig moment i kartleggingsprosessen, og i kva grad der er behov for opprusting dei ulike stadene.

Handlingsprogram for anlegg og planlagt gjennomføring

Handlingsplandelen med prioriteringsliste for tildeling av spelemidlar skal rullerast årleg og vera godkjent i kommunestyret kvart år. Dette er eit krav for at kommunen skal vere godkjend for å søkje spelemidlar. Idrettsrådet skal koma med uttale til handlingsplandel og prioriteringsliste. Det vil vera ulik ståstad for finansiering av dei ulike anlegga. Rådmannen bør etter denne planen få fullmakt til å sende godkjende (etter vedtekter) søknadar om spelemidlar.

Det kortsiktige handlingsprogrammet er lagt over ein fireårs periode, og anlegga ligg i prioritera rekkjefylgje for tildeling av spelemidlar. Avhengig av tildela midlar og tal på søknadar som til ei kvar tid ligg inne, må ein rekne ei viss ventetid på spelemidlar. Vinje kommune kan i enkelte tilfelle forskottere spelemidlar. Kva som blir forskottera bør vera avhengig av korleis anlegget oppfyller dei mål og målgrupper ein finn i denne planen. Anlegg for born og unge i kommunen vil i så måte vera viktig.

Det langsiktige handlingsprogrammet gjev ei liste over tenkte anlegg i uprioritera rekkjefylgje for ti år fram i tid. Dette kan vere anlegg som er meldt inn i planen, men som det ikkje har kome søknad til. Det kan vere anlegg der kommunen ser behovet for oppgradering i løpet av ein 10 års- periode, eller som det har kome ynskje om frå andre aktørar. Dette kan vere eldreråd, elevråd, friluftslivorganisasjonar, velforeiningar m.m.

Etter handsaming i OVU 05.12.16, og møte i Kommunestyret 15.12.16, blei dette vedteke:

Handsaming i Kommunestyret 15.12.16:

Framlegget frå oppvekst- og velferdsutvalet blei samrøystes vedteke.

Endringane i handlingsplandelen blir vedtekne slik dei ligg føre.

Prioriteringslista med spelemiddelsøknadar blir vedteke slik den ligg føre, med atterhald om at søknader blir trekt.

Ordinære anlegg

Anleggsnamn	Status	Søkjar	Kostnad	Søkn.sum spelemidlar
Haukeli skianlegg – utskifting av PCB-ljos	Fornye	IL Rein	740 900	300 000
Haukeli skianlegg – opprusting trasé ljosløype	Fornye (ikkje i år)	IL Rein	1 000 000	500 000
Turløype Rauland Høgfellshotell – Rauland skisenter	Fornye	IL Dyre Vaa	2 278 800	1 000 000
Rulleski Rauland	Fornye	IL Dyre Vaa	6 000 000	1 000 000
Rauland skiløyper, del 1, Rauland skisenter- Finnan	Ny	IL Dyre Vaa	3 056 750	1 000 000
Rauland skiløyper, del 2 Finnan- Rauland sentrum	Ny	IL Dyre Vaa	2 122 750	1 000 000
Rauland skiløyper, del 3, Rauland Høgfellshotell – Rauland skisenter	Ny	IL Dyre Vaa	519 125	259 563
Rauland skiløyper, del 4, Vierli – Rauland Høgfellshotell	Ny	IL Dyre Vaa	503 750	251 875
Rauland skiløyper, del 5, Brårmo - øvre del av lysløypa	Ny	IL Dyre Vaa	359 375	179 688
Aktivt liv i sentrum, universelt utforma turveg Rauland	Fornye	Vinje kommune	2 300 000	1 000 000

Nærmiljøanlegg

Sundflaten badeplass	Fornye	IL Rein	50 250	25 000
Rauland skiløyper, del 6, Brårmo – nedre del av lysløypa	Ny	IL Dyre Vaa	71 875	35 938

Upprioritera anlegg/langsiktig handlingsplan

Anlegg	Forslagsstillar	Meldt inn	Opprusting	Nytt	Merknad
Skiløyper i Brubakk		2008	X		
Vedlikehald og oppgradering av uteområdet ved Øyfjell skule	Elevrådet Øyfjell skule	2014	X		
Opprusting av tursti (gamleveg) frå Øyfjell til	Elevrådet Øyfjell skule	2014	x		

Djuve og Dyrdal					
Sentrumsnære turvegar i tettbygde strøk	Rådet for eldre og funksjonshemma	2014	X	x	Vil kunne delast i fleire ulike søknadar og prosjekt
Attraktive badeplassar nær sentrumsnære strøk	Arbeidsgruppa for idretts- og friluftspanen	2014	X	X	Kan truleg takast ut av planen.. Mellom ana Ormetjønn, Sundflaten og Sandnes har fått tildela midlar.
Åmot stadion, oppgradering	Vinje IL	Ikkje meldt inn via skjema	x		Åmot stadion ligg allereie inne i kkdsakshandsamarprogr. som «anleggsstad». Dersom nye prosjekt blir til, kan nye «anleggsenheter» knytast til denne staden. Er tenkt ny tribune, ny lagerbod osb.


Kartutsnitt idrettsanlegg



IDRETTSANLEGG LIBRU/RAULAND SKULE

1:2500

16.01.2015



© Norkart AS

Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i



RAULAND SKULE, SAMF.HUS OG HALLAR

1:1500

16.01.2015



Kartopplysningar som krevs ved omsetning av eiendommar, skal bestillast skriftleg hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i



RAULAND FELTRITTANLEGG

1:5000

16.01.2015



Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i



LJOSLØYPE RAULAND SENTRUM/LIBRU

1:7500

19.01.2015



Kartopplysningar som krevs ved omsetning av eiendommar, skal bestillast skriftleg hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i



ATTFØRINGSSENTERET RAULAND (AIR)

1:5000

19.01.2015



Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i

RAULAND ALPINSENTER



Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i denne grenseinformasjonen. Ved manglende matrikkelenhetsgrenser beregnes areal ut fra vilkårlige hjelpelinjer eller

SKILØYPER RAULAND, KRYSSING ELVER



Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i denne grenseinformasjonen. Ved manglende matrikkelenhetsgrenser beregnes areal ut fra vilkårlige hjelpelinjer eller



VINJEHUSET OG ÅMOT STADION

1:2500

16.01.2015



Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i

VINJE FOLKEBIBLIOTEK, ÅMOT



Kartopplysningar som krevs ved omsetning av eigedommar, skal bestillast skriftleg hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i denne grenseinformasjonen. Ved manglende matrikkelenhetsgrenser beregnes areal ut fra vilkarlige hjelpeinjer eller

LJOSLØYPE OG SKIANLEGG, ÅMOT/BRUBAKK



Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i denne grenseinformasjonen. Ved manglende matrikkelenhetsgrenser beregnes areal ut fra tilgjengelige hjelpelinjer eller



HAUKELISETER FJELLSTOGE

1:2500

16.01.2015



Kartopplysningar som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestillast skriftleg hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i



EDLAND SKULE, SAMFHUS, IDRETTSBANE

1:1500

16.01.2015



Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i



SKIANLEGG EDLAND OG SUNDFLATEN

1:10000

16.01.2015




Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i



SKIANLEGG EDLAND OG SUNDFLATEN

1:2500

16.01.2015



Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i

VÅGSLID TURVEG



1:30000

19.01.2015



Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i denne grenseinformasjonen. Ved manglende matrikkelenhetsgrenser beregnes areal ut fra vilkårlige hjelpelinjer eller

ARABYGGDI



Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i denne grenseinformasjonen. Ved manglende matrikkelenhetsgrenser beregnes areal ut fra vilkårlige hjelpelinjer eller

ØYFJELL GRENDEHUS OG LJOSLØYPE



Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i denne grenseinformasjonen. Ved manglende matrikkelenhetsgrenser beregnes areal ut fra vilkårlige hjelpelinjer eller



LIMOEN BADEPLASS, ØYFJELL

1:2500

19.01.2015




Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i



MOGANE

1:5000

16.01.2015




Kartopplysningar som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestillast skriftleg hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i



VINJAR

1:5000

16.01.2015




Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i



MOGEN


1:200000

30.12.2014



Kartopplysningar som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestillast skriftleg hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i

KVASSHAUG SKJOTEBANE, BØGREND




Kartopplysninger som krevs ved omsetning av eiendommer, skal bestillast skriftleg hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i denne grenseinformasjonen. Ved manglende matrikkelengsgrenser beregnes areal ut fra vikarige hjelpelinjer eller



HOLMAVATN TURISTHYTTE

1:50000

12.11.2014



Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Nøyaktigheten på arealet som oppgis i kartet er avhengig av nøyaktigheten på grenseinformasjonen registrert i matrikkelen. Det kan være feil og mangler i

